

Dispensasjon etter veglova § 30 for oppføring av tilbygg på Gnr 169, bnr 102 i Fedje kommune.

Teknisk etat som er vegmynde i Fedje kommune viser til dispensasjonssøknad innsendt 07.06.2023 der de søker om dispensasjon etter veglova §30 for tilbygg til eksisterande fritidsbustad.

VEDTAK:

Eigedomen ligg i uregulert område, og Teknisk etat som vegmynde skal difor handsame dispensasjonssøknaden.

Etter veglova § 29 andre ledd jf. første ledd er hovudregelen at byggegrensa er 15 meter frå vegmidte i kommunal veg.

Tiltaket vil koma 10 meter frå vegmidte i kommunal veg Vidnappsvegen, og krev difor dispensasjon frå byggjegrensa mot veg, etter veglova § 30. Det vert vist til innsendt situasjonsplan som syner plassering og avstand til veg.

Med heimel i veglova §§ 30 jf. 29 vert det gjeve dispensasjon for plassering av tilbygg 10 meter frå vegmidte på kommunal veg på Gbnr 169/102 i Fedje kommune.

Ingen delar av bygget må koma nærare enn 10 meter frå vegmidte i den kommunale veggen.

Tiltaket vil ikkje påverka drift eller vedlikehald av den kommunale veggen, og vil heller ikkje påverka trafiksikkerheita.

Er tiltaket ikkje igangsett seinast tre år etter løyve er gitt, fell løyvet vekk.

KLAGE:

Vedtaket kan påklagast, sjå eige vedlegg i byggesaka angående orientering om klageadgang.

Mvh

Pål-Eirik Holgersen
Fagleiar teknisk
Fedje kommune